


# SOGN OG FJORDANE TEATER

1985



„Glør i gamal ved”

# "Glør i gamal ved"

av  
Susan Cooper og Hume Cronyn  
med musikk av  
Jonathan Holtzmann  
Omsett av Bjørn Endreson

Regi ..... Leighton M. Ballew  
Scenografi og kostyme .. Helge Hoff Monsen  
Musikalsk leiing ..... Per Janke Jørgensen  
Musikk ..... Longhorn

Desse er med:

Annie Nations ..... Anne Gullestad  
Hector ..... Gunnar Simenstad  
Dillard Nations ..... Gerald Pettersen  
Prince Carpenter ..... Arild Bøe  
Holly Burell ..... Agnete G. Haaland  
Dokter ..... Per Stoltenberg

Det blir **ein** pause.

Handlinga går føre seg på ein fjellgard i Rabun-distriktet i Nord-Georgia, USA.

## Tida er no - - - - og før det

Skodespelet er basert på materiale frå "Foxfire" - bøkene som er laga av Eliot Wiggonton og skuleelevar hans og gjeven ut av Doubleday.


Inspisent ..... Asbjørn Våge  
Lys ..... Atle Øydvin  
Rekvisittar ..... Kari Sandtrøen  
Snikkar ..... Asbjørn Hatlem  
Scenetek./målararb. .... Richard Ringereide  
Produksjonsassistent .... Per Stoltenberg

Europeisk premiere 13. mars i Førdehuset.

Forlag: Nordiska Teaterforlaget/Editon Wilhelm Hansen.



Annie og Dillard



Hector og Annie

## GLØR I GAMAL VED

Originaltittel Foxfire

Foxfire har to tydingar. For det første er det ein slags sopp eller mose som heng på gamle, nedfelte tre. Denne soppen eller mosen glødar i mørkret akkurat som vår moreld.

Den andre tydinga går på dei organisasjonar og personar som søkjer å ta vare på det som er Foxfire i overført tyding. På ein måte handlar det om å ta vare på kunnskapen om det som er gammalt og står i fære for å døy ut. Det var på dette grunnlaget Foxfire rørsla i USA oppstod.

Ein lærar, Eliot Wiggonton i Georgia sette elevane igang med å samle opplysningar om levemåten i gamle dagar. Etter kvart vaks dette til ei heil rørsla som i dag gjev ut eigne publikasjonar om liv og levemåte i eldre tider. På mange måtar kan vi samanlikne det arbeidet denne rørsla gjer med våre sogelag.

Dette stykket syner oss også kor liten skilnad det er på menneska og miljøet i Sør Appalachia i USA og tilsvarande miljø her til lands. Handlinga i stykket kunne like gjerne gått føre seg ein stad her i fylket. Mange av skikkane er dei same og tenkjemåten til menneska er svært lik.

Når dei legg pengestykke på augneloka til døde så kjenner vi att den skikken på våre kantar. På same måte kjenner vi att gamle Hector Nations si klokketru på Bondealmanakken. Der står når ein skal så og hauste. Ut av den kan ein finne varsel for veret. Når kyrkjeklokkene ringjer for å varsle død i bygda, er heller ikkje det ukjent for folk som har levd ei stund. Den tradisjonsrike Hill-billy musikken og kontrimusikken står også sterkt på våre kantar. Det er mest som ein kjenner at dette er eit nytt møte med Dei siste maksveringar, men denne gongen i fjellheimen vår.

## Kjære samfylkingar

Vel møtt til det nye Teateråret - 1985. Det er no 5 år sidan Sogn og Fjordane Fylke gjekk inn for eit fast teater.

1984 er det beste året i teateret sitt unge liv. 168 framsyningar med 31.254 selde billetter og ei eigeninntekt på kr. 622.000,-.

Det kan høyrast ut som teaterkollegar omkring i landet er på gravens rand, men vi i Sogn og Fjordane Teater, kjenner oss iallfall friske og kjekke som aldri før.

Grunnen til dette er nettopp alle de som sit i teateret i dag. TAKK for at de har tatt imot tilboda våre!

Og vi har framleis noko for alle aldersgrupper på programmet. Dokkespelet "SANSEKASSA", frå 3 til 8 år, RIMS OG RAMS, med regler og rim, tilpassa aldersgruppa 7 til 10 år. Så kjem eit Bjørnstjerne Bjørnson program for dei mellom 10 til 13, altså 4. - 5. og 6. klasse. Vidare har vi under innstudering ein einakter om arbeidsløysa og familiesituasjonen for dei på 13 - 15 år, om "SNIKKAREN SOM SLUTTA Å PLYSTRE". For vidaregåande skular og institusjonar, ungdomsskular - lag - har vi eit program i høve LUDVIG HOLBERG - 300 ÅR - I KVINNERS LAG. Og framleis er skodespelet om NIKKA VONEN aktuelt som aldri før.

Men først og framst til framsyninga i dag. Det er ei glede å ynskje velkommen til denne. Eit nytt amerikansk skodespel for første gong på denne sida av Atlanteren: altså EUROPA-PREMIERE. I tillegg Eit Skodespel For Heile Familien! Dette er eit stykke frå den amerikanske landsbygd med sin kontri og hillbillymusikk. Det er ein høgson til det enkle menneske, og ei livsform som er styrken og ryggraden også her i fylket. Eg veit at det er trøngt om plassen for å få kveldar nok i veka til å følgje med i alle nye kurstillbod, etterutdanning og omskuleringstillbod - Så derfor, ver ekstra velkomen!

Og hugs - om du skulle kjenne deg nedrent av alskens nye media og deira nye teknologi - vi er eit av dei eldste "media" med ein "teknologi" som aldri vert for gamal:

### MØTE MELLOM LEVANDE MENNESKE!

*Anne Gullestad*

#### INNHOLD

|  |             |
|--|-------------|
| Glør i gamal ved, rolleliste .....         | s. 2.       |
| Foxfire og Glør i gamal ved .....          | s. 2.       |
| Kjære samfylkingar .....                   | s. 3.       |
| Ord frå instruktøren .....                 | s. 3.       |
| Folket på Tjønneland .....                 | s. 4.       |
| Talet på gardar minkar .....               | s. 5.       |
| Velkomen til nye andlet .....              | s. 6 - 7.   |
| Foto frå "Glør i gamal ved" .....          | s. 8 - 11.  |
| 5 år med L/L Sogn og Fjordane Teater ..... | s. 12.      |
| Framsyningar i 5 år .....                  | s. 13.      |
| Amatørteaterarbeidet .....                 | s. 14.      |
| Nye fjes .....                             | s. 16.      |
| Ein gjøkunge i Førdehuset .....            | s. 16 - 17. |
| Tilsette og andre tilbod .....             | s. 18.      |



## Ord frå instruktøren

I desember 1982 såg Anne Gullestad og eg Foxfire eller "Glør i gamal ved" på Broadway i New York.

Ved frukostbordet dagen etter måtte vi begge gje uttrykk for at stykket hadde fengsla oss. Det gav oss amerikansk kvardag i fjella i sør Appalachia på ein enkel, men likevel dramatisk måte i vakre omgjevningar. Denne livsforma som snart er heilt borte. Ho kverv samstundes som dei gamle hyttene og gardane vert erstatta av flotte herskapsbus og golfbaner, hestane og vognene av skinande luksusbilar i The Blue Ridge Mountains.

Spelstykket er ikkje ei forenkla leiting eller bøn om at dei gode gamle dagar må koma attende. I slutten av stykket får eigedomsmeklaran landområdet han ville kjøpe opp. Temaet er ikkje så mykje å dvele ved fortida som å feire henne. Stykket vil hylle kjærleiken til huslyden, jorda og dei evige medmenneskelege verdjar.

Då Helge Hoff-Monsen og eg vitja Eliot Wiggonton i oktober 1984 i The Foxfire Foundation i Rabun County i Georgia, vart vi overtydde om at dette stykket ville høve for eit norsk publikum.

"Glør i gamal ved" er ikkje avgrensa til eitt særskilt område. Der er kanskje ikkje "Foxfire" på gamle, rotvelte tre i Sogn og Fjordane, men hovudpersonane finst her. Det er mange Hector Nations som nektar å forlate småbruka sine i dette området. Dei vert buande på heimstaden trass i at sønene og døtrene har flytta til byen eller tettstaden. I slutten av stykket vert vi minte om sitatet frå Ecclesiastes no i Annie Nations sin munn: "Det er ei tid for alt... ei tid å bli fødd, og ei tid å døy... ei tid å så og ei tid å hauste". Dette er tid både i USA og Noreg. Og vi kjenner i oss at Annie Nations vil vende attende til Steinsens einsam plassen og at Hector vil vente på ho der i fjellheimen, den vakraste staden på jorda.

*Leighton Ballou*



## Folka på Tjønneland


Biletmontasjen i dette heftet er henta frå garden Tjønneland på Viksdalen. Med sine 560 meter over havet, kan dette gjerne vere ein slags "Steinsens einsam plassen". Vi skal likevel vakte oss for å romantisere og dramatisere. Det har budd folk her svært lenge og mykje tyder på at dei vil halde fram å bu her enno ei god stund. Garden ligg solvendt og det gjer at dei dyrkar både jordbær og bringebær her. Nytt hus har dei bygt seg og driftsbygningen er frå 1962.

Dei gamle husa på Tjønneland står enno og gjer miljøet til eit slags levande museum. I gamlestova bur Jakob Tjønneland på 88 år. Det er han vi møter i biletmontasjen. Dei som har levd ei stund, vil nok kjenne seg att i miljøet bileta skildrar.

Jakob Tjønneland har levt heile livet på Tjønneland og her får han også ha alderdomen. Han kan godt vere motstykket til hovudpersonane i "Glør i gamal ved".

No er det kome veg til Tjønneland. Den har sonen Olav Tjønneland fått bygt. Vegen er 3 km. lang og har avløyst taubana som dei bygde i 1955. Før den tid var det å kløvje eller bere på ryggjen det som skulle til gards. Rundt 1950 gjekk Tjønneland og 6 andre saman og bygde kraftverk. Dermed fekk dei elektrisk lys. Kraftlaget kom ikkje inn i biletet før midt i 60 åra.

Kona på garden, Marit Tjønneland er formann i Viksdalen Bondelag. Ho kinnar framleis smøret heime på garden. Marit og Olav Tjønneland har tre gutar. Med tid og stunder vert det dei som avgjer om endå ein generasjon skal drive garden på Tjønneland. Lett å flytte derifrå kan det ikkje verte. Til det er dei gåver naturen her byr fram for store.




88 år gamle Jakob Tjønneland bur framleis heime på garden.

## Talet på gardar minkar


Tala syner at det vert færre gardar her i fylket. Frå 1969 med 10357 einingar over 5 mål, gjekk talet ned til 8870, 10 år seinare og var i 1983 kome ned i 7843. Størst nedgang har det vore på gardar i storleiken 35 - 75 mål. Verdt å merke seg er det at når me kjem opp i gardar på over 100 mål, er det ein bra auke. Difor ligg det nær å rekne med at mange mellomstore gardar har vorte innlemma i andre bruk som så har vorte monaleg større. Såleis var det i 1979, 40 bruk på over 200 mål her i fylket. Ti år tidlegare var talet 16, så her er det langt på veg mot ei tredobling.

Ein må difor vere klar over at sjølv om det har vorte 2514 færre bruk her i fylket mellom 1969 og 1983, så tyder ikkje det at desse bruka har vorte borte. Ein del kan nok ha vorte nedlagt, men mange har gått inn i andre bruk og vorte store gardar. Mange er redd denne utviklinga. Dei meiner at det fører til færre husstandar og dermed færre menneske i mange bygder. Dette kan føre til at bygda mister både skule og handelsmann fordi det bur for få menneske att på dei store gardane.

På landsbasis er tendensen til at talet på gardar minkar endå sterkare enn i Sogn og Fjordane. I 1959 var talet på gardar 198.315 her i landet. 10 år seinare var det 154.977, i 1979 var det 125.302. I 1983 var det 110.092 gardar att i norsk landbruk.



# Velkommen til nye andlet på teateret



## Instruktøren

**Leighton M. Ballew**

Regi

Professor Dr. Ballew kom til Georgia Universitetet, (University of Georgia) som leiar for drama avdelinga i 1942. Då han førtidspensjonerte seg i 1982 etter 40 år i sjefsstolen, hadde han bygt opp Avdelinga for Drama (Department of drama and theatre) med utdanning av profesjonelle teaterfolk og lærarar i skodespeling, instruksjon, scenografi med kostyme og rekvisittar, skodespelskriving, lys/lyd, byggjing av dekorasjon, scene og teater samt administrasjon, til å verte ei av dei leiande i USA.

Studenttalet ved avdelinga hadde auka frå rundt 30 i starten til rundt 210 då han drog seg attende. Han fekk oppretta stipendordningar for utlandske scenekunstnarar og instruktørar. M.a. har Anne Gullestad studert ved Georgia Universitetet i 2 periodar. Ho har i tillegg vore gjesteinstruktør og lærar der i 1970 og 74. I løpet av karrieren har Dr. Ballew spelt, produsert og instruert i over 160 teateroppsetningar. Mellom dei tel stykke av Ibsen, Shakespeare, Shaw, Artur Miller og Tennessee Williams.

I 1982 hadde han eit samarbeid med Rolf Losnegård om stykket "Sprit; Aquavit & horse; Makka blås" for Sogn og Fjordane Teater. Over 7000 skule-

## Scenografen

**Helge Hoff Monsen**

Dekorasjon og kostyme

Han har utdanninga si frå universitetet i Krakow i Polen. I 60 åra då han tok denne utdanninga, var Polen det leiande landet når det galdt scenografi. Han har veksla mellom arbeid i Polen og Noreg dei siste 20 åra. Siste oppgåva han i Polen var Måken av Anton Tsjekov på Nasjonalteateret i Krakow.

Helge Hoff Monsen var med og starta opp Teateret Vårt som er region-teateret i Møre og Romsdal. Lengste arbeidsperioden har han hatt ved Rogaland Teater og Den Nationale Scene i Bergen. Elles har han arbeidd som scenograf både ved Trøndelag Teater, Nationaltheateret og Det Norske Teater. Han reknast i dag som ein av dei mest spanande scenografane i norsk teater.

---

elevar såg det stykket her i fylket. Opplegget som var eit innlegg i rusmiddelproblematikken er blitt overført til andre stader i landet med stor suksess.


Dr. Ballew er personleg ven med Eliot Wiggonton som grunnla Foxfire rørsle i USA.

## - og skodespelarane

### Gunnar Simenstad

Etter at Gunnar Simenstad trekte seg attende i fjor, hadde han tenkt å slutte som skodespelar. Då tilbodet kom om å få spele mot Anne Gullestad, greidde han likevel ikkje å stå imot. Dei to spelte saman i Anne Pedersdotter av Wiers Jensen for 30 år sidan. No møtest dei att som Annie og Hector Nations på Steinsens Einsamplassen.

Gunnar Simenstad har spelt på alle dei faste scenar her i landet. Dei største rollene hans har vore å framstille kraftige, og heftige karakterar. Han har m.a. spelt Dr. Stockmann i En Folkefiende, Jean i Frk. Julie og Didrik i Medmenneske. I 1946 var han med på det første norske gjestespel i Danmark etter krigen. Det var på Kronborg slott med Hamlet der Hans Jacob Nielsen både spelte Hamlet og sette stykket i scene. Han har også hatt fleire gjestespel i utlandet og spelt inn film i Sverige. Rolla i "Glør i gamal ved" er første rolla hans ved eit Regionteater.



*Gunnar Simenstad som den unge prestesonen Martin - Anne Gullestad som Anne Pedersdotter, gift med faren - presten Absalon Pedersen Beyer i Wiers Jensens: Anne Pedersdotter på Den Nationale Scene Bergen - Festspill framføring 1955.*



### Per Stoltenberg

Dette er første teateroppdraget hans i Noreg etter 6 års studieopphald i utlandet.

Han starta karrieren sin som vidunderbarn. Alt 5 år gamal tok han til å studere musikk. Som 9 åring dirigerte han eit symfoniorkester for første gong. Han reknar operaregi som eit av sine hovudfelt.

På norske scener har komediefaget stått hjartet hans nærast. Han har spelt på Rogaland Teater, Den Nationale Scene og Riksteateret. Av roller kan nemnast Harald i Den store barnedåpen, Den Spanske Flue, Kjærlighet uten strømper og presten i Fugleelskerne av Jens Børneboe. Han har også sett opp ein opera i Kristiansund.



**Ein biletmontasje frå kveldens framsyning**



*Anne Gullestad som 79 år gamle Annie Nations.*






*Per Stoltenberg t.v. som Doktor, Gunnar Simenstad t.h. som Hector og Annie.*



*Arild Bøe som eigedomsmeklar Prince Carpenter prøver å overtale Annie til å selje.*




*Gerald Pettersen alias Dillard Nations, C&W songar.*



*Hector tykkjer sonen Dillard burde gjere andre ting enn C&W.*




Mor og son drøftar salet av garden.



Over: Holly, tykkjer Dillard har vorte prega av storbylivet.

Nede: Hector, Annie og Docter gjer klar for fødselen av Dillard i eit tilbakeblikk.





*Annie får ikkje fred for eigedomsmeklaren Prince Carpenter. (Arild Bøe)*

*Holly Burell (Agnete G. Haaland) har opplevd kva det vil seie at familiegarden vert seld.*



## Fem år med L/L Sogn og Fjordane Teater.

1. januar 1980 vart Lutelaget Sogn og Fjordane Teater skipa. Før denne dato, hadde det - i ein prøveperiode på 2½ år, - eksistert eit Sogn og Fjordane Regionteater under leing av Riksteateret.

Teateret har såleis 2 årsmålsdagar. Det kjem an på korleis ein reknar. Men som *fylket sitt eige teater*, har det nett no tilbakelagt sin første 5-års periode.

Eg tok på meg oppgåva for Riksteateret i 1977 med å legge tilrette sjølve prøveperioden. Vidare tok eg på meg 1. januar 1980 teatersjefstilling for ein periode av 5 år for L/L Sogn og Fjordane Teater.

Eg kjenner difor eit behov for å greie ut om teatret si drift i dei fem åra det har stått på eigne bein som L/L.

Det finst idag 5 regionteater i Noreg. L/L Sogn og Fjordane Teater kom som nr. 4 i rekka. Sogn og Fjordane Teater skal gjere teneste i eit fylke med berre ein by, Florø. Det har ingen større publikums-senter å henvende seg til. Heimebasen Førde har idag eit folketal på 7.838.

Nedanstående oversikt viser areal og heimehøy-rande folkemengde i fylka med Regionteaterverk-semd. Tala er pr. 1/1 1979.

|                  | Folkemengd<br>ifylket | Innb. pr. m <sup>2</sup><br>landareal | %-del som bur<br>i tettb. str. | Folkemengd i verts-<br>kommune |        |
|------------------|-----------------------|---------------------------------------|--------------------------------|--------------------------------|--------|
| Finnmark         | 78.731                | 1,7                                   | 41                             | 45.376                         | Tromsø |
| Troms            | 145.276               | 5,8                                   | 37                             |                                |        |
| Nordland         | 242.950               | 6,7                                   | 39                             | 25.884                         | Rana   |
| Sogn og Fjordane | 104.645               | 5,8                                   | 21                             | 6.626                          | Førde  |
| Møre og Romsdal  | 234.993               | 16,1                                  | 42                             | 20.900                         | Molde  |
| Telemark         | 161.619               | 11,4                                  | 61                             | 47.528                         | Skien  |

1) %-del av befolkninga som bur i tettb. strom med meir enn 2.000 innbyggjarar.

Alle dei andre regionteatera ligg i eit tetttdistrikt eller by som har eit langt større folketal og oppland for eit publikum.

På fylkesbasis har og desse teatra eit langt større publikumsgrunnlag, enn Sogn og Fjordane.

Heilt frå starten av har difor dette teateret prøvd å kome bort frå det vanlege mønsteret som eit institusjonsteater har. Dette mønsteret er lett å gripe til, og vanskeleg å kome bort frå.

Produksjonen av ymse teatertilbod har difor vore lagt opp slik at ein skulle vitje alle stader i fylket. Sogn og Fjordane Teater har til og med hatt barnetilbod i bokbussen som Fylkesbiblioteket sender ut. Her var det nok at det berre kom 1 barn inn på bussen - då gjerne i følgje med eit par vaksne og ein katt eller hund - kom det 7 barn - var "Salen" sprengfull.


Ei kort oppstilling av dei fleste tilboda gjennom desse 5 åra, vil difor likne på ei fergerute med unn-takstal. Desse tala forklarar kva slags type framsy-ning det gjeld.

Første driftsåret 1980 vart eit produksjonsår for oppsøkjande tilbod. (Med oppsøkjande tilbod meina-st framsyningar som ikkje treng til eit stort tek-nisk apparat - slik at dei kan visast i mindre lokale - også på dagtid). Grunnen til dette var at teateret stod utan kunstnerisk stab ved inngangen til eiga

drift. Skodespelarane bad seg løyst frå kontrakta. Konflikta var at fylket ønskte eit teater leia av ein teatersjef.



For ei kvinne å vere, har du mykje bra vit. Gerd Wiik har spela Nikka Vonen i 4 år, heile 107 gonger, og er stadig aktuell med denne oppsetninga.



Gerald Pettersen og Agnete G. Haaland er framleis populære med "Sansekassa".

I oppstillinga nedanfor kjem 30 av dei viktigaste produksjonane i den rekkjefølgja dei hadde premiere frå 1908 - 1984.

1980:

5. mars **Gal manns dagbok** av Nicolai Gogol (c) Russisk.
13. mars **Da e'ikkje slik so dei trudde da va, og da e no like bra!** Eit program med tekstar frå Sogn og Fjordane gjennom 150 år. (c) Norsk.
15. mars **Anne May og kista med det rare i -** Leiketeteater. (b) Norsk.
31. aug. **Vitaren kjem heim** av Rolf Losnegård. (a) Norsk.
1. sept. **Merket det stend om mannen han stupa -** Eit program om Per Sivle. (c) Norsk.
1. sept. **Protest** av Vaclav Havel (e) Tsjekkisk.
2. sept. **Da e aldeles gratis, rimelegvis -** Samansett program med tekstar frå SFT (d) Norsk.
26. sept. **Hei! Her er eg! Kor er du?** av H. Bay og I. Zeller. (b) Dansk.
10. nov. **Den kvitkledde frå Amherst** (Nypremiere) av William Luce (a) Amerikansk

1981:

29. jan. **Vi betala ikkje** av Dario Fo (a) Italiensk.
10. febr. **Audiens** av Vaclav Havel (e) Tsjekkisk.
2. mai. **For ei kvinne å vere har du mykje bra vet.** Eit teatertilbod om Sunnfjordkvinna Nikka Vonen av Rolf Losnegård. (c) Norsk.
30. juli **Heller tenkja rett åleine enn rangt saman med mange** av Fridtjof Urdal. Eit program om 200 års utvikling av språket i SFT i høve Noregs Mållags 75-års jubileum. (e) Norsk.
10. sept. **Berre kjærleiken vinn** / Jaques Brel progr. (a) Fransk/Amerikansk.
17. okt. **Sterkare enn supermann** av Roy Kift (c) Engelsk

1982:

28. jan. **Operasjon Skjoldhammar** av Jonas Arnason. (a) Islandsk.
1. mai **Sansekassa** av Søren Frank og Ole Olsen (b) Dansk.
4. sept. **Splint** av Norvald Tveit. (a) Norsk.
1. nov. **Jeg velger meg april.** Eit Bjørnstjerne Bjørnson program. (c) Norsk.

1983:

8. jan. **Nikken og Rødhette** av Anne Gullestad. (b) Norsk.
25. febr. **Det var ein gong ein krig** av Rolf Losnegård og Fridtjof Urdal (a) Norsk.
15. apr. **Splint** av Norvald Tveit (Nypremiere) (a) Norsk.
27. aug. **Hjallarbrui** av Knut Horvei (a) Norsk.
- sept. **Sprit, Aquavit & Horse, Makka, Blås -** Eit dokumentarprosjekt om rusgift av Rolf Losnegård og Leighton M. Ballew. (c) Norsk.

1984:

6. mars **Pippi Langstrømpe** av Astrid Lindgren (a) Svensk.
1. juni **Kristkongane på Moster** av Johannes Heggland. (f) Norsk.
16. juni **Fimreitespelet** av Wibeke Knagenhjelm. (f) Norsk.
4. okt. **'84 - trur eg!** Revy av Rolf Losnegård og Gunnar Hagen Hartvedt. (a) Norsk.
26. okt. **Når nettene blir lange,** samansett program. (c) Norsk.
3. des. **Ludvig Holberg 300 år,** samansett program. (c) Norsk.

- (a) Stor kveldsframsyning.
- (b) Framsyning serleg meint for mindre born.
- (c) Oppsøkjande tilbod, skular, lag, organisasjonar/institusjonar.
- (d) Institusjonar.
- (e) Diskusjonstilbod, skular, lag, politiske organisasjonar, open sal.
- (f) Friluftsfamsyningar i samarbeid med profesjonelle frå andre teater og amatørar.

I tillegg til desse produksjonane har det vore ein del program for særskilde høve t.d. 1. og 17. mai m.fl. Kvar sesong har hatt 9 - 10 forskjellige teatertilbod. Men alle er ikkje nylaga kvar sesong. Vi har fleire tilbod som har vore med teateret i fleire år.

T.d. kan nemnast at programmet om NIKKA VONEN som første gong vart sett opp i 1981, framleis er like aktuelt. Dette skodespelet er produsert slik at det kan spelast i ei rimeleg stor stove. Ved utgangen av 1984 hadde det vore spela heile 107 gonger med tilsaman 6.147 tilskodarar. Barnetilbodet NIKKEN OG RØDHETTE og SANSEKASSA er óg like aktuelle.

PUBLIKUMSSTATISTIKK:  
Framsyningar 1980 - 1984.

| År   | Framsyningar | Publikumstal | Gjennomsnitt pr. framsyning |
|------|--------------|--------------|-----------------------------|
| 1980 | 240          | 16.275       | 68                          |
| 1981 | 230          | 28.675       | 94                          |
| 1982 | 161          | 24.565       | 94                          |
| 1983 | 187          | 22.671       | 121                         |
| 1984 | 168          | 31.254       | 186                         |

I alt: 1105 framsyningar med 123.440 selde billetter.

Inntekta ved sal av billetter og program er ca. 2 mill. kroner.

I desse tala er óg gjestespel til Oslo, Bergen og Hordaland rekna med.

Teateret har hatt eit serleg godt samarbeid med Det Norske Teateret i Oslo. HJALLARBRUI av Knut Horvei var eit samarbeidsprosjekt. Også RIKSTEATERET var med på dette samarbeide.

## "Spelstikka"

Ansvarleg utgjevar: ..... Anne Gullestad

Programredaksjon: ..... Anna Skadal Jonstad  
Henning Rivedal

Fotos: ..... Trygve Schönfelder  
Oddleiv Apneseth  
Olav Reiakvam

Sats/trykk: ..... Øens Prent, Førde

## Amatørteaterarbeidet.

Å sjå attende på det som er gjort for amatørar i lokalsamfunnet, er som å sjå attende på ei eng, der mange slags frø er sådd ut. Etter kvart viser det kven av frøa som slår best rot og gjev mest grøde. For å illustrere dette utsagnet tek vi med nokre klypp frå årsmeldingane. Grunna plassmangel blir denne opprekninga svært skjematisk og i stikkordsform.

## Kurstilbod og instruktørhjelp.

Heilt sidan starten har Sogn og Fjordane Teater hatt eit nært samarbeid med dei som driv amatørteaterarbeid. Teateret har i desse 5 åra skipa til kurs med i alt 300 kursdagar og 1200 deltakarar. Det har vore kurs i maskelaging - sminke - dokketeater - leseteater - skodespeling - amatørteater - regiarbeid - barneaktivitetar - m.m. I tillegg har det vore gjeve instruktørhjelp til ei rad amatørteaterlag. Viktige medspelarar i desse opplegga har vore Regionteaterrådet, - og Vestlandske Teaterlag med sine dyktige lærarar og instruktørar.

## Utlån av utstyr.

Svært mange lag og då særleg ungdomslag har fått låne utstyr frå Sogn og Fjordane Teater. Desse utlåna gjeld både kostymer, dekorasjonselement, teknisk utstyr og vanlege rekvisittar.

## Montering av lysbruer/lysutstyr.

Alt i 1980 lyste teateret ut tilbod om oppsetting av lysbruer i lokale rundt omkring i fylket. I samarbeid med Regionteaterrådet har det vore 2 tildelingsperiodar. Teateret har montert bruene etter gjeldande forskrifter. Det har teke litt tid å få dette arbeidet gjort - men frå 1980 - 1984 har nesten alle som fekk tildeling fått montert lysutstyr.

## Dette er dei som fekk tildeling:

Kjølsdalen Samfunnshus, Bygstad Ungdomslag, Indre Hafslo Ungdomslag, Holmedal Bygdehus, Stadlandet Grendahus, Kaupanger Ungdomslag, Åfjorddalen Bygdehus, Værlandet, Solund Grendahus, Breimshallen, Øen UL, Solheim Skule, Selje Samfunnshus, Luster Ungdomsskule, Firda Gymnas, Naustdal UL "Fosshalla", Eivindvik UL, Havgula UL Byrknesøy, "Friheim" Måløy, Sogndal Folkehøgskule, Fjordane Folkehøgskule, Hauge Skule Bremanger, Hornindal Skule og Innvik UL.

## Samarbeid med andre organisasjonar.

Sogn og Fjordane Teater har hatt eit aukande samarbeid med skular og lag i fylket, med fylkesbiblioteket sin bokbuss- og bokbåt-teneste, amatørteaterorganisasjonar, kommunar og med andre teater.



*Synnøve Strigen t.v. og Gerd Wiik er på spelekartet med Hoberg-program.*



*Arild Bøe, her i "Sterkare enn Supermann", kjem snart i einaktaren "Snickaren som slutta å plystre". Det er eit stykke som handlar om det å verte arbeidslaus.*


Uppremiere for Norsk Danseteater 14. november 1980 her i Førde. Samarbeid om gjestespel med Den Nationale Scene: VITAREN KJEM HEIM av Rolf Losnegård, musikk Per Janke Jørgensen, PROTEST av Vaclav Havel. Diverse oppsøkjande program. Fests-pela i Bergen: DEN KVITKLEDDE FRA AMHERST av William Luce, STERKARE ENN SUPERMAN av Roy Kift.

**Teaterbåten - samarbeid med fylkeskultursjefen: 400.000 kr. frå Norsk Kulturråd.**

Framsyinga "SPLINT" av Norvald Tveit markerte starten på turneverksemnda med teaterbåten INNVIK. Fylkeskulturkontoret hadde også med ei utstilling om splinten og splintelivet på Vestlandet. Ein stab på 14 frå teateret og mannskap på 7 frå Fylkesbaatane var med på denne turneen. 36 stader i fylket fekk vitjing og 11 av desse stadene kunne ikkje vore vitja med ein vanleg bussturne. Publikum reagerte svært positivt på ideen med teaterbåt. Ei undersøkjing teateret gjennomførde gav 98,2% positive svar.

Det Norske Teater: Jaques Brel - programmet, BERRE KJÆRLEIKEN VINN, DEN KVITKLEDDE FRÅ AMHERST, FOR EI KVINNE Å VERE HAR DU MYKJE BRA VET av Rolf Losnegård og eit delt produksjonsansvar og turné med Kut Horvei's HJALLARBRUI.

Riksteateret: Turné med HJALLARBRUI.



*Jon Heggedal (over) er på nytt knytt til teateret som instruktør, m.a. for Bjørnson-programmet og "Snik-karen som slutta å plystre". Tidlegare har han m.a. instruert, "Vi betala ikkje" i 1981, og "Audiens" same år av forfattaren Dario Fo og Vaclav Havel.*

*Gro Ann Uthaug (t.h.) er nyleg fast tilsett som skode-spelar. Ho samarbeider med Jon Heggedal om "Han som ville bygge Norge". Eit program om Bjørns-tjerne Bjørnson.*





*Rims og Rams lagar mykje moro for borna.*

## Ein GJØKUNGE i Førdehuset!

Ja, det har teateret fått høyre meir enn ein gong! Og kanskje er vi det!

At det skulle bli regionteater i Førdehuset var planert mange år før Førdehuset stod ferdig.

Men teateret kom til huset eit heilt år etter at mesteparten av dei andre brukarane hadde innvigd kulturbygget. Året for innviing var i 1976.

Teateret flytta inn i Førdehuset 11. oktober 1977. Det var ikkje mykje plass som då stod og venta på eit komande regionteater! 1700 m<sup>2</sup> er minstekravet for eit regionteater!

Teateret fekk 6 kunstnargarderover og eit tekniskrom på tilsaman 75m<sup>2</sup> - alt utan vindauge - og korridoren utanfor er rekna med i kvadratmetrane. I tillegg: ein verkstad på 51m<sup>2</sup> - med vindauge. **136m<sup>2</sup> istaden for 1700.**

Den gamle prestegarden i Førde vart det store halmstrået som berga oss igjennom. Kommunen let oss overta denne. Han skulle rivast. Det har heldigvis ikkje skjedd. Vi vonar vi får halde på han mange år til. Han er og framleis vårt faste punkt.

Seinare, då NRK flytta inn i nybygget sitt, fekk vi overta dei 3 kontora dei hadde - på tilsaman 64 m<sup>2</sup> (også her er korridoren utanfor rekna med). For 3 år sidan fekk vi og bli del-eigar i Pedagogisk Tenestekontor sitt kursrom. - Førdehuset fann og utveggar for ein del lagerplass i kjellaren.

Men, når ein har under 300 m<sup>2</sup> og treng dette:

|                    |                          |                   |                          |
|--------------------|--------------------------|-------------------|--------------------------|
| 1. Tekniske rom    |                          | 2. Adm./arb.rom   |                          |
| Snikkarverkstad    | 100 m <sup>2</sup>       | Teatersjef        | 30 m <sup>2</sup>        |
| Målarsal           | 100 m <sup>2</sup>       | Forretningsfører  | 15 m <sup>2</sup>        |
| Sveiseverkstad     | 30 m <sup>2</sup>        | Teatersekretær    | 15 m <sup>2</sup>        |
| El. vekstad, lager | 30 m <sup>2</sup>        | Administrasjon    | 30 m <sup>2</sup>        |
| Lydtekn.verkstad   | 30 m <sup>2</sup>        | Scenograf         | 15 m <sup>2</sup>        |
| Rekvisittrom       | 15 m <sup>2</sup>        | Instruktør        | 15 m <sup>2</sup>        |
| Systove            | 30 m <sup>2</sup>        | Musikk            | 15 m <sup>2</sup>        |
| Vasking/farging    | 20 m <sup>2</sup>        | Scenadmin.        | 15 m <sup>2</sup>        |
| Frisør/sminke      | 20 m <sup>2</sup>        | Regi              | 20 m <sup>2</sup>        |
|                    | <u>375 m<sup>2</sup></u> | Dramatikar        | 15 m <sup>2</sup>        |
|                    |                          | Nærarkivar        | 20 m <sup>2</sup>        |
|                    |                          |                   | <u>205 m<sup>2</sup></u> |
| 3. Lagerrom        |                          | 6. Garderover     |                          |
| Kostymelager       |                          | 6 skodespelar-    |                          |
| Rekvisittlager     |                          | gard. doble m/    |                          |
| Dekorasjon         | 120 m <sup>2</sup>       | dusj-wc           | 90 m <sup>2</sup>        |
|                    | <u>120 m<sup>2</sup></u> | 1 teknikargarder. |                          |
| 4. Studiescene     | 250 m <sup>2</sup>       | m/dusj og wc      | 20 m <sup>2</sup>        |
|                    |                          |                   | <u>110 m<sup>2</sup></u> |
| 5. Foyer           | 70 m <sup>2</sup>        |                   |                          |



|                    |                           |
|--------------------|---------------------------|
| 7. Møte/seminar    | <u>70 m<sup>2</sup></u>   |
| 1. Tekniske rom    | 375 m <sup>2</sup>        |
| 2. Administrasjon  | 205 m <sup>2</sup>        |
| 3. Lagerrom        | 120 m <sup>2</sup>        |
| 4. Studiescene     | 250 m <sup>2</sup>        |
| 5. Foyer           | 70 m <sup>2</sup>         |
| 6. Garderober      | 110 m <sup>2</sup>        |
| 7. Møte/seminarrom | 70 m <sup>2</sup>         |
|                    | <u>1200 m<sup>2</sup></u> |

Ja, då syns ein lett i landskapet som ein GJØKUNGE. Men, for ei profesjonell teaterdrift er dei ovannemnde kalkylane over kvadratmetrane eit minstemål.

31. desember 1979 - var det slutt med prøveperioden for teateret. Frå og med 1. jan. 1980 hadde teateret gått over til sjølvstendig verksemd som stod fram som L/L Sogn og Fjordane Teater. Arbeidsrom for verksemda gjorde seg gjeldane. Teaterets styre sa seg straks einig i ei grundig utgreiing av rombehovet for teateret si drift.

Dei minimumskrav til spele- og produksjonslokale som vart sett opp som ein norm for regionteatera har altså eit areal på ca. 1700 m<sup>2</sup>.

I denne kalkylen vår er medteke dei lokalitetane som allereie er i Førdehuset. Dette er i det vesentlege teater-/kinosal, som i framlegget frå regionteatera er rekna til 355 m<sup>2</sup> for sjølve salen med birom. Sjølve scena er rekna til 150 m<sup>2</sup>. Ca. 500 m<sup>2</sup> er såleis alt dekt av rombehova i det fellesarealet vi deler med resten av aktivitetane i Førdehuset.

Teateret leiger no 3 kontor og lager/verkstad på tilsaman 115 m<sup>2</sup>. Dersom utbygginga skal skje i enden av bygninga (mot aust), vil ein kunne integrere desse areala i det totale rombehovet for teateret. Lager/verkstad har dessutan ei takhøgde som ville tillete bygging av ei mellometasje (under noverande administrasjonskontor). Dette ville igjen gje eit arealtilskot på 50 m<sup>2</sup>.

Utifrå denne berekninga, vil eit tilbygg måtte vere

på ca. 1000 m<sup>2</sup> for å dekke det totale rombehovet på 1700 m<sup>2</sup>.

I samarbeid med Førdehuset sin arkitekt Peder A. Ristesund, vart det utarbeidd planar for ei slik utbygging, i samarbeid med teknisk sjef for kommunen og kommunearkitekten. I mars 1981 forelåg utarbeida planar. I alt 3 ulike alternativ vart planlagt og utarbeidd på henholdsvis:

1000 m<sup>2</sup>, kostnadsrekna til ca. 5.000.000,-  
 1400 m<sup>2</sup>, kostnadsrekna til ca. 6.000.000,-  
 1500 m<sup>2</sup>, kostnadsrekna til ca. 7.000.000,-  
 (1981 kroner)

Arkitekten hadde då fått innhenta kostnadsoverslag frå dei respektive konsulentane.

Norsk Kulturråd stilte seg positiv til ein søknad. Seinare viste det seg at deira kulturbygg-kvotet var for liten til å kunne gje eit svar om når det eventuelt kunne bli plass til løyvingar derifrå.

Førde kommune som gjekk med på å sende ein søknad til Kulturrådet i 1981, fann seinare av ymse grunnar at dei ikkje kunne gå vidare med saka. Ei av årsakene var sjølv sagt den vanskelege økonomiske stoda kommunen har kome i dei siste åra, - grunna nedlegging av verksemdar og manglande innkome i kommunekassa. Ein annan grunn var ei for tidleg melding i massemedia. Fleire personar og instansar på det lokale plan skulle informerast. Dette hadde det ikkje vore høve til. Saka kom i eit skeivt lys. Dermed vart det førebels BOM for utviding.

Byggesaka har sidan stått i stampe.

I det siste har *styret for Førdehuset*, innsett at ei utviding må til. Ikkje berre trengst det utviding til teateret, men og til andre verksemdar. Styret i Førdehuset har difor gjort vedtak om at det skal ta initiativ til å få sett ned eit utval, med tanke på å få gjort ferdige planane for utviding snarast råd.

På årsbasis er Sogn og Fjordane Teater si verksemd på 22 årsverk, av desse 17 fast tilsette. Skal teateret halde fram å ha verksemda si i Førdehuset, er det heilt nødvendig at Førdehuset vert utvida.



Fløyen t.h. er tenkt utvida for teateret.

## Tilsette ved Sogn og Fjordane Teater pr. 1. mars 1985.

### Administrasjon:

Teatersjef ..... Anne Gullestad.  
Forretningsfører ..... Jan Edv. Strandenes.  
Adm./Pr. sekretær ..... Anna Jonstad.  
Kontorassistent ..... Sissel Tuften.  
Dramaturg/teatersekretær ..... Rolf Losnegård.  
Høvevis tilsett:  
Teatersekretær ..... Henning Rivedal.

### Skodespelarar:

Arild Bøe, Agnete G. Haaland, Gerald Pettersen,  
Magnus Tveit, Gro Ann Uthaug, Gerd Wiik.  
Høvevis tilsette:  
Gunnar Simenstad, Per Stoltenberg, Synnøve Strigen.

**Musikar:** ..... Per Janke Jørgensen  
Høvevis tilsett: ..... Gunnar Jess.  
Songpedagog: ..... Målfrid Nydal Holsen.

### Sceneteknikarar:

Asbørn Hatlem, Richard Ringereide, Kari Sandtrøen,  
Asbjørn Våge, Atle Øydvinn  
Høvevis tilsette: Tove Hansen, Frode Hatlem, Aslak  
Haaland.

**Instruktørar:** ..... Dr. Leighton M. Ballew  
Jon Heggedal

**Scenografar:** ..... Helge Hoff Monsen  
Karel Hlavaty

## Andre tilbud som kan tingast ved teateret, tlf. 22 327

### PÅ PLAKATEN STÅR FRAMLEIS:

"Sansekassa" av Søren Frank og Ole Olsen.  
Med Gerald og Agnete. (3-7 år - 50 minutt)

Rims og Rams, eit program med rim og regler med  
Agnete og Gro-Ann. (7-10 år - 50 minutt.)

"Han som ville bygge Norge", eit program om  
Bjørnstjerne Bjørnson med Gro Ann Uthaug. (4-5-6.  
klasse - 45 minutt)

"Snikkaren som slutta å plystre" av Leif Espen  
Andersen, med Arild Bøe. (7-8-9. klasse - 50 minutt)


Ludvig Holberg 300 år - i kvinners lag, med Synnøve  
Strigen og Gerd Wiik. (For U-skule, vidareg.sk.,  
organisasjonar og opne framsyningar - 50 minutt)

Tobakkens skadelege verknader av Anton Chechov.  
Med Per Stoltenberg (For skular og lag - 45 min.)

For ei kvinne å vere, har du mykje bra vit. Ei framsy-  
ning om sunnfjordkvinna Nikka Vonen. Med Gerd  
Wiik. (Skular, lag, opne framsyningar)

# MED POSTSJEKK HAR DU PENGER PÅ KONTO I MONACO

...og i 29 andre land!



RA AB Bates 4

  
**POSTGIRO**  
- fordi det er lett vint!

G-298



# Sogn Sparebankring

*Balestrand  
Sparebank*  
5850 Balestrand  
Tlf. (056) 91 305

*Indre Sogn  
Sparebank*  
5875 Årdalstangen  
Tlf. (056) 61 544

*Leikanger  
Sparebank*  
5842 Leikanger  
Tlf. (056) 53 211

*Luster  
Sparebank*  
5820 Gaupne  
Tlf. (056) 81 200

*Sogndal  
Sparebank*  
5800 Sogndal  
Tlf. (056) 82 100 - 28  
(71 711)

*Vik  
Sparebank*  
5860 Vik  
Tlf. (056) 95 109



## SUNNFJORD SPAREBANK

## G HUUS

6800 Førde



## VESTLANDSBANKEN

## Flora-Bremanger



## Sparebank

# **NY** + BRUKSKONTO = RESERVEKONTO = HØGARE RENTE

Felles renteutrekning av samla innestående på Bruks- og Reservekonto, 5% opp til kr. 15.000,- og 10% på alt over.

**BRUKSKONTO** i Bergen Bank er ei betre utgåve av den tidlegare lønskontoen vår. **RESERVEKONTO** er den nye sparekontoen vår, som gjer Brukskonto endå betre.

**BRUKS- OG RESERVEKONTO  
ER ALT DU TRENG.  
SÅ ENKELT ER DET NO!**



*ein betre bank*